

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Retningslinjer og prioriteringar ved tildeling av tilskot

2025 – 2028

Åseral kommune

Innhald

1. Innleiing	3
2. Regelverk og formål	3
3. utfordringar i kommunen	4
4. Verkemiddel - SMIL som investeringstilskot og RMP som årleg skjøtselstilskot	5
5. Mål	7
6. Strategiar	7
7. Saksbehandling	7
8. Prioritering av søknader	8
9. Tilskotssatsar	9



1. Innleiing

Landbruket forvaltar eit kulturlandskap som er forma gjennom generasjonar med bruk.

Landbruksaktiviteten har påverka og påverkar landskapet gjennom dyrking av jord, husdyrhald og hausting. Denne aktiviteten har gitt eit mangfald av miljøverdiar i form av kulturpåverka plantar, dyr, insekt og naturtypar, og dessutan kulturminne og kulturmiljø – som til dømes gravhaugar, steingjerde, bygningar og vegar. Bevaring av slike natur- og kulturminneverdiar i jordbrukslandskapet er avhengig av aktiv landbruksdrift og vedlikehald.

Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er: «å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift» jf. § 1 i Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

SMIL-ordninga blir forvalta av kommunen og det blir gitt som eit eingongstilskot for investeringar og istandsetjing av kulturlandskapet i landbruket. Det kan vera aktuelt å søkja om regionalt miljøtilskot (RMP) der det er behov for varige skjøtselstiltak etter gjennomført SMIL-tiltak.

Løyvingane til SMIL-ordninga blir fastsette i jordbruksoppgjeret. Landbruksdirektoratet fordeler midlane til Statsforvalterne rundt årsskiftet, og Statsforvaltaren i Agder fordeler tilskotsmidlane til kommunane i januar kvart år. Statsforvaltaren i Agder kan også omfordela ubrukte midlar om hausten i samarbeid med kommunane.

Det er kommunen som fastset overordna retningslinjer for prioritering av søknader og tildeler tilskotet. Retningslinjene skal utarbeidast i dialog med Statsforvaltaren og næringsorganisasjonane i jordbruket lokalt, jf. § 8 i Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket. Desse retningslinjene skal visa lokale miljøutfordringar, målsetjingar, strategiar og gi kommunen eit grunnlag for å prioritera mellom søknadene.

2. Regelverk og formål

SMIL-ordninga er heimla i [Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) fastsett 4. februar 2004 nr. 448.

Dei kommunale retningslinjene/tiltaksstrategi for prioritering av SMIL-søknader er utarbeidd i dialog med Åseral bondelag og Statsforvaltaren i Agder, jf. § 8 andre ledd i Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Retningslinjene viser lokale miljøutfordringar, målsetjingar, strategiar og gir kommunen eit grunnlag for å prioritera mellom søknadene. Det er viktig å få best mogleg målretting av innsatsen slik at tiltak kan setjast inn der miljøeffekten er størst.

Regelverk og annan informasjon om ordninga kan finnast på Landbruksdirektoratets nettside: [Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket \(SMIL\) - Landbruksdirektoratet](#)

Nasjonale og regionale føringar

Regionalt miljøprogram for jordbruket i Agder 2023-2026 (RMP) gir ei prioritering av innsatsen mot miljøutfordringane i Agder. Tiltaka i programmet er knytt til måla i [Nasjonalt miljøprogram 2023-2026](#).



Regionalt miljøprogram skal gi føringar for prioriteringar i dei kommunale tiltaksstrategiane for bruk av Smil-midlane, jf. s. 28 i Nasjonalt miljøprogram 2023-2026.

Andre relevante regelverk

- Jordlova
- Naturmangfoldloven
- Kulturminneloven
- Friluftsløven
- Vannressursloven
- Forurensningsloven
- Plan- og bygningsloven
- Forskrift om plantevernmidler
- Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav
- Forskrift om gjødselplanlegging
- Med fleire...

Aktuelle grunnlagsdokument

- [Regionalt miljøprogram for jordbruket i Agder 2023-2026](#) (Gjeld fram til 2027)
- Gjeldande kommuneplan og tilhøyrande temaplanar
- [Rundskriv 2021/18](#)

3. Utfordringar i kommunen

Tradisjonelt blir kulturlandskapet til jordbruket oppfatta som det kultiverte landskapet, område som er dyrka og skjøtta for jordbruksformål. Gardstun, landbruksbygningar og ulike kulturmiljø er viktige delar av kulturarven vår og bidreg til lokal og regional identitet.

Kommunen har om lag 9 700 dekar med dyrka mark, og der om lag 3000 av desse er registrerte som innmarksbeite. Det meste av jordbruksareala blir nytta til grovfôrproduksjon. Mellom hovuddalane i kommunen er det større heiområde som blir nytta av om lag 10 000 beitedyr om sommaren.

Kommunen sitt kulturlandskap mangfaldig. Jordbruksareala varierer frå større samanhengande jordbruksområde i Kyrkjebygda til mindre jorder i område slik som på Kylland og Åmland. I nokre område blir det drive intensivt med husdyr- og grasproduksjon, medan det andre stader blir drive meir ekstensivt eller ikkje drive i det heile tatt. Busetnaden på landbrukseigedommane variera også i stor grad.

I delar av kommunen har kulturlandskapet vore gjenstand for gjengroing. Kulturminne og kulturmiljø har derfor gradvis vorte mindre synlege i landskapet. Gjengroinga har også innverknad på det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet. Mykje leigejord og små areal med dårleg arrondering har medført at jordbruksareala ikkje blir skjøtta på same måte som tidlegare og gror til frå kantane. I område der det blir drive intensiv husdyrproduksjon kan forureining til vatn og vassdrag vera ei utfordring. Fremmande og skadelege artar har byrja å bli eit problem i kommunen. Areal som ligg i nærleik til spesielt Kyrkjebygda, men til dels også andre grender, er under eit svært stort press frå utbyggingsinteresser.

Aktiv landbruksdrift er ein viktig føresetnad for å ta vare på mange av kulturminna, kulturmiljøa og naturmangfaldet i kulturlandskapet. Rydding, slått, beiting og brenning hindrar oppslag av buskar og



tre, og held kulturlandskapet og artsrike naturtypar i hevd. For å bevare det biologiske mangfaldet er det viktig med rett beitetrykk.

4. Verkemiddel- SMIL som investeringstilskot og RMP som årleg skjøtselstilskot

Målet for det regionale miljøprogrammet (RMP) er å bidra til å vareta kulturlandskapet til jordbruket, biologiske mangfald, kulturminne og miljø, tilgjengelegheit i jordbrukslandskapet, samt avgrensa utslepp til vatn og luft.

Det regionale miljøprogrammet skal gi ein målretta miljøinnsats i jordbruket utover det som er mogleg gjennom generelle, nasjonale ordningar. Programperioden i Agder 2023-2026 set søkjelys på tiltak som kan redusera avrenning og klimagassutslepp og auka biologisk mangfald.

Regionalt miljøprogram for 2023-2026 vart betydeleg endra og vart meir målretta i forhold til førre programperiode. Kulturlandskapstiltaka «Slått av verdifulle jordbrukslandskap» er ute av RMP og «Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark» skal fasast ut i løpet av denne programperioden. Miljøtema Kulturlandskap er tona betydeleg ned, medan fleire av dei andre miljøtemaa blir styrka. Endringane vart gjorde etter ein omfattande prosess der mellom anna kommunane og næringsorganisasjonane deltok aktivt. Dette gir føringar for prioriteringa av SMIL-tiltak framover.

Slik ordningane er lagde opp, er det fleire tiltak det kan givast eingongstilskot til gjennom SMIL-ordninga, men der det påfølgjande år kan søkjast om årleg tilskot gjennom RMP-ordninga. Desse ordningane skal verka saman.

Aktivt jordbruk – kulturlandskap

Det kan givast SMIL-tilskot til tiltak som tek vare på og utviklar kulturlandskapet til jordbruket.

Gjennom RMP-ordninga er det ulike tilskot til skjøtsel av kulturlandskap. Til dømes tilskot til drift av bratt areal.

Biologiske verdiar

Det kan givast SMIL-tilskot til tiltak som varetek biologisk mangfald og skjøtelsavhengige naturtypar. For å få RMP-tilskot til trua og utvalde naturtypar er det eit vilkår at areala må vere registrert i miljødatabasen Naturbase.

Gjennom RMP-ordninga blir det gitt tilskot til skjøtsel av utvalde naturtypar som slåttemark, slåttemyr og kystlynghei og til skjøtsel av trua naturtypar som naturbeitemark og hagemark. Det er også mogleg å søkja om SMIL-tilskot til istandsetjing av trua og utvalde naturtypar og deretter søkja om RMP-tilskot til skjøtsel av naturtypane som er nemnde. Det blir også gitt RMP-tilskot til skjøtsel av styvingstrær.

Det kan givast SMIL-tilskot til å etablere soner for pollinerande insekt og RMP-tilskot til skjøtsel av sonene.

Kulturminneverdiar

Det kan givast SMIL-tilskot til istandsetjing, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne- og kulturmiljø inkludert verneverdige bygningar etter kulturminnefaglege retningslinjer. Til dømes kan det givast SMIL-tilskot til istandsetjing av kulturminne slik som buveier og bakkemurar i SMIL-ordninga.

Gjennom RMP-ordninga blir det gitt tilskot til skjøtsel av gravminne, buveier og bakkemurar som grensar til jordbruksareal.

Forureining – Avrenning til vatn

Det kan innvilgast SMIL-tilskot til tiltak som hindrar forureining eller risiko for forureining frå jordbruket, til dømes hydrotekniske tiltak som reduserer erosjon og tap av jord, næringsstoff og plantevernmiddel.

Gjennom RMP-ordninga blir det gitt tilskot for areal med diverse åkervekstar som ikkje blir jordarbeida om hausten, for fangvekstar sådd etter hausting, for grasdekt kantsone i åker og kantsoner i eng.

Forureining – Utslepp til luft

Det kan innvilgast SMIL-tilskot til tiltak som hindrar forureining eller risiko for forureining frå jordbruket, til dømes tiltak som reduserer forureinande utslepp til luft slik som dekkja av gjødselkummar. I samband med slike tiltak er det viktig at søkjar gjer ei heilskapsvurdering knytt til vassinnhald, tørrstoffinnhald, storleiken på gjødsellageret og transportavstandar.

Gjennom RMP-ordninga blir det gitt tilskot til spreieing av husdyrgjødsel og biorest ved nedfelling eller nedlegging, spreieing av husdyrgjødsel med rask nedmolding og spreieing med husdyrgjødsel med tilførselsslange.

Hydrotekniske tiltak i smil-ordninga og drenering av jordbruksjord

«Både tilskudd til drenering av jordbruksjord og deler av tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) omfattar «hydrotekniske tiltak». De to ordningene har imidlertid ulike hovedformål.

Føremålet med tilskot til drenering av jordbruksjord er blant anna å auke jordbruksproduksjonen. Dette er ikkje føremålet med SMIL-ordninga. Dei to ordningane har dermed ulike mål og skal nyttast til forskjellige typar problemstillingar. Dreneringsordninga skal dekkje fullstendige dreneringstiltak, medan SMIL-ordninga berre skal nyttast til utbetring av skadar på eksisterande hydrotekniske anlegg eller tiltak utover vanleg vedlikehald, for å redusere erosjon og risiko for forureining. Dette kan være reparasjon av øydelagde kummer og røyrutløp, sikringstiltak, reparasjon av enkelte avskjæringsgrøfter, behov for økt kapasitet på grunn av endrande nedbørsforhold og liknende tiltak.» (Kjelde: Landbruksdirektoratet)



5. Mål

Ta vare på og utvikle verdifullt kulturlandskap som sikrar kommunen sin eigenart, som stimulerer til aktivt landbruk og som har betydning for folk si tilhørslse og trivsel.

- Framme og ta vare på natur- og kulturminneverdiar i kulturlandskapet til jordbruket ved å opna opp gammal kulturmark med spesielle verdiar.
- Ta vare på og synleggjere viktige kulturminne.
- Framme og vareta biologisk mangfald, trua naturtypar og habitat for pollinerande insekt.
- Redusere forureiningsutslepp frå jordbruket ved å leggja til rette for hydrotekniske tiltak som hindrar erosjon og forureining frå jordbruksareal ved avrenning til vatn og vassdrag.
- Fjerne framande og skadelege artar.

6. Strategiar

- Halda oppe forankring av omsyn til kulturlandskapet i landbruket i kommunalt planverk.
- Informasjon om kulturlandskap og tilskotsordningar blir lagd ut på nettsida til kommunen.
- Stimulera til aktiv drift av jordbruksareala då dette vil vera med på å vareta mykje av kulturlandskapa til kommunen.
- Spisse prioriteringa av Smil-tiltak slik at ordninga best mogleg tek vare på verdifulle kulturlandskap, redusera forureining og tek vare på aktiv landbruksdrift.
- Smil-midlane er avgrensa midlar. For ei best mogleg måloppnåing er det viktig å sjå midlane i samanheng med tilskotsordninga Regionalt miljøprogram (RMP) og andre tilskotsordningar som blir forvalta av Statsforvaltaren.

7. Saksbehandling

Søknadsfrist

Kommunen kan fastsetja søknadsfrist, jf. § 6 i Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket. Søknadsfristen i Åseral kommune er **1. november**. Dersom det skulle vera midlar igjen blir det likevel opna for at søknader som vart leverte etter 1. november kan tildelast tilskot.

Det søkjast elektronisk via [Altinn](#).

Tiltak som er påbyrja/utførte vil ikkje bli prioriterte for tilskot.

Det er ikkje mogleg å søkja om ekstraløyving til eit tiltak dersom kostnadene blir høgare enn det godkjende kostnadsoverslaget i opphavleg søknad.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent med omsyn til andre regelverk. Du må derfor gjera deg kjend med aktuelle føresegner i andre lover og forskrifter.

Vilkår

Det kan setjast vilkår for innvilging av tilskot til dei enkelte prosjekta og tiltaka, jf. § 3 i Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket. Døme på slike vilkår kan vere avgrensingar i jordbruksdrifta, som forbod mot bruk av plantevernmidlar, gjødsling eller jordarbeiding. Krav om før- og etterbilette vil vere eit generelt vilkår i alle saker for å dokumentere at tiltaket er gjennomført. Lokale vilkår vil bli spesifiserte i vedtaksbrevet som søkjar mottar dersom tilskotet blir innvilga.



Einingsprisar

- Eige arbeid: 400 kr.
- Eige arbeid med motorsag: 435 kr.
- Eige arbeid med traktor, heng eller liknande: ca. 630 kr.

[Veiledende enhetspriser 2024-2025](#)

8. Prioritering av søknader

Følgjande tiltak og kriterium blir lagde til grunn ved prioriteringar av søknad SMIL-tilskot:

1. Biologisk mangfald og kulturlandskap

Tiltak som fremjar biologisk mangfald og kulturlandskap gjennom istandsetjing av gammal kulturmark som er i ferd med å gro igjen. Tilskot kan givast til rydding og gjerding (fysisk og elektronisk) av gammal kulturmark der beiting vil vera med på å fremja natur- og kulturminneverdiane i området. Det kan givast tilskot til inngjerding av jordbruksareal dersom det er i samanheng med rydding av gammal kulturmark med formål å vareta dei biologiske og/eller estetiske verdiane i kulturlandskapet ved hjelp av beiting.

I utgangspunktet er det ikkje høve til å gje tilskot til elektronisk gjerde. Slike tiltak fell normalt utanfor formålet med ordninga, som primært skal støtte fysiske og varige installasjonar i beiteområda.

I særlege høve kan det likevel vere aktuelt å gje tilskot til elektronisk gjerde når tiltaket er særleg viktig for å oppnå formålet med ordninga. Dette kan vere aktuelt når:

- området har store kulturlandskapsverdiar, til dømes biologiske verdiar som krev aktiv skjøtsel
- det ikkje er ønskjeleg eller mogleg å etablere fysisk gjerde
- elektronisk gjerde er det einaste reelle alternativet for å sikre beiting og skjøtsel av arealet

I slike tilfelle kan elektronisk gjerde vurderast som eit nødvendig tiltak for å oppretthalde beitebruk og hindre gjengroing.

Driftskostnader som abonnement, batteri, service eller liknande kan ikkje støttast.

Det er viktig å ha kunnskap om tidlegare drift av den gamle kulturmarka slik at denne drifta kan førast vidare etter istandsetjinga.

I område der jordbruksarealet er grodd til med skog eller som står fram som tydeleg utmark, må det dokumenterast at det har gått føre seg ei jordbruksbasert drift på arealet, og det må kunna visast til tydeleg teikn i terrenget etter slik drift anten i form av kulturvekstar eller andre kulturelement som rydningsrøysar, bakkemurar, opne grøfter og gamle hustuffer/uteløper, stadnamn/historier.

Tiltak som inneheld mange element av kulturminne og biologisk mangfald vil bli prioriterte.

2. Avrenning til vatn og utslepp til luft

Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg.

Tiltak som reduserer utslepp til luft, som dekke over eksisterande gjødsellager.

3. Kulturminne og kulturmiljø

Tiltak som tek vare på kulturminne og kulturmiljø, inkludert verneverdige bygningar gjennom skjøtsel, vedlikehald og istandsetjing.

4. Etablera soner for pollinerande insekt i tilknytning til kulturlandskapet til jordbruket

Regionale frøblandingar blir prioriterte.

5. Mekanisk kamp mot framande artar i tilknytning til kulturlandskapet til jordbruket

Fjerning av fremmande og skadelege artar i kulturlandskapet til jordbruket.

9. Tilskotssatsar

1. Biologisk mangfald og kulturlandskap, – inntil 100% for særskilde tiltak for å vareta biologisk mangfald, og inntil 70% for resterande tiltak i denne tiltaksklassen.
2. Avrenning til vatn og utslepp til luft – inntil 70%.
3. Kulturminne og kulturmiljø – inntil 50%.
4. Etablera soner for pollinerande insekt i tilknytning til kulturlandskapet til jordbruket – inntil 50%.
5. Mekanisk kamp mot framande artar i tilknytning til kulturlandskapet til jordbruket – inntil 30%.

Dersom det er midlar igjen etter at prioriterte tiltak er tildelte kan det innvilgast tilskot til andre tiltak som blir omfatta av forskrifta. Til slike tiltak kan det innvilgast tilskot på - inntil 30%.

